

## Arvingane: Studentar og kulturinstitusjonane

av Jan Fredrik Hovden

*"Professoren vart no meir høgtidsam. Han kremta og kom inn på ei lang utgreiding um det akademiske stand, som han skildra som ein høgare mannheim ovanum det vanlege live. Den som kom herinn var dermed vigd til ideens prest... her, i åndsheimen, nådde ikkje dei villande røystir inn; her var høgt og fred; her fann åndi seg sjølv; her vart ikkje tanken sundra og sprengd av det tilfellige, det småe og spreidde, det sundrivne og det tankelause, einsidige og endelege i det vanlege live; her skulde ein, menneskjeleg tala, sjå Gud som han var, tala med Åndi andlit til andlit (Bravo!). Ein halvfull hund burt i ei krå våga seg til å segja vov! men vart nedhyssa." (Garborg, Bondestudentar 1883)*

Dei siste 10 åra har det vore ei dobling i andelen ungdom i Noreg som tek høgare utdanning. Samstundes har studentar og folk med høgare utdanning tradisjonelt vore eit stort og viktig element i den legitime kulturen sitt publikum.

Kva vil denne nye situasjonen føre til for dei tradisjonelle kulturinstitusjonane?

På den eine sida kan ein tenkje seg at studentauken vil føre til ein tilsvarande auke i desse institusjonane sitt publikum. I dette ligg ein tankje om at det å ta høgare utdanning gjer at fleire får kulturelle stimulansar gjennom studie og studentmiljø, og at føregåande sosiale skilnadar er mindre viktige. Noko av sistnemnde syn fremjar lensmannen i *Bondestudentar* når han seiar at han vil tale for studentane, men *"Ikkje for nokon serskild klasse av studentar; etter hans meining fanst det ikkje slike klassur; når dei hadde fengji sin eksamen, so var dei sønir av Athene, og so var all klasseskilnad avlyst."*

På den andre sida kan ein – med sosiologen Pierre Bourdieu si vektlegging av den tidlege sosialiseringa i familien som formativ for kulturpreferansane – mistenkje ein motgåande prosess: at studentauken også nødvendigvis er ei sosial heterogenisering av studentane, og at nye studentgrupper frå lågare sosiale klasser vil oppretthalde sin folkeleg-populære smak også gjennom studentlivet<sup>1</sup>.

Det underliggjande problematikken er her tilhøvet mellom sosial bakgrunn og høgare utdanning i formasjonen av kulturpreferansar (og –vanar). Prosjektet "Smaksdanning i høgare utdanning"<sup>2</sup>, leia av professor Jostein Gripsrud ved institutt for Medievitskap ved UIB, har som formål å gje empirisk basert kunnskap om nettopp dette.

Som ein lekk i prosjektet vart det hausten 1998 gjennomført ei spørjegransking om kulturvanar og kulturpreferansar hjå studentar ved fire institusjonar i Bergen: Universitetet i Bergen (UIB), Noregs Handelshøgskule (NHH), Høgskulen i Bergen

---

<sup>1</sup> I tillegg er det klart at dagens studentar som *generasjon* har vakse opp i ein ganske annan kultursituasjon enn sine forgjengarar, ikkje minst når det gjeld medie- og massekulturelle former si utbreiing i det norske samfunnet. Frow har kritisert Bourdieu nettopp for å ignorere dette: *"Bourdieu assumes the legitimacy of this ground [of high culture] is still imposed on the dominated classes; but it may well be the case, particularly since the massive growth of a television culture in which working-class people tend to be fully competent, that high culture, or rather the prestige of high culture, has become largely irrelevant to them"* (Frow 1995:37)

<sup>2</sup> Prosjektet er eit underprosjekt av NFR sitt Kulturell Uorden-program.

i Bjørkås (red.) 2002: *Individ, identitet og kulturell erfaring*. Oslo, Høyskoleforlaget.

(HIB) og Kunsthøgskulen i Bergen (KHIB). Av eit tilfeldig utval på 7% av studentmassen ved kvar institusjon (=1600) svarte 1100 studentar<sup>3</sup>.

I denne artikkelen vil eg – inspirert av Pierre Bourdieu sine kulturstudier i Frankrike på 60- og 70-talet – med basis av dette surveymaterialet skildre nokre trekk i norske studentar sin kulturbruk og kulturpreferansar i høve dei store kulturinstitusjonane, og korleis desse skilja heng saman med deira sosiale bakgrunn og studium.

I tillegg til kunne antyde framtidsutsikter for kulturinstitusjonane, er det og tenkjeleg at kulturmønsterane ein ser hjå studentar i dag kan seie noko om pågåande endringsprosessar i kulturens demografi, og med det også det kulturelle feltet og den norske klassestrukturen.

## Utveljinga av dei utvalde

*"Ja det var mange av desse landsgutane det gjekk sjeis med, sa Strand. Mange nådde ikkje artium, andre rokk so langt, men ikkje lenger; sume stansa ved andre-eksamen.... "Og dei fleste vert teologar," sagde Olaf Jurberg med eit seint, roleg mål. Å ja; Karl Magnus kjende deim, desse nye Bondeteologane; dei var audkjende; mykje fæl fant; tunge som kjølsvin...Men at bondestudentar gjekk den vegen var rimelegt. Dei var opplærde til det, fyrst på ålmugskulen og sidan på seminaraskulen; når dei kom inn her visste dei ikkje kva studering var; det einaste dei kunde var å lære leksur og tru på skulemeisteren...." (Garborg, Bondestudentar 1883)*

Det er velkjend i sosiologisk forskning at ungdom som tek høgare utdanning i sterkare grad rekrutterast frå privilegerte sosiale grupper (t.d. Lindbeck 1996). Mindre kjend er kanskje at doblinga i andelen som tok høgare utdanning mellom 1985 og 1996 ikkje førte til nokon endring i den sosiale rekrutteringa til universitetsfaga. Dels skuldast dette at sannsynligheita for å ta høgare utdanning har auka i alle klasser, og at auken har vore særskild sterk blant kvinner (Hansen 1999:193). Men - som me snart skal sjå - er det og slik at studentar med mindre privilegerte bakgrunnar oftare søker seg til dei mindre prestisjefulle høgskuleutdanningane.

Kirke- og Undervisningsdepartementet si melding om at *"lik rett for utdanning på det nærmeste er sikret for alle grupper"* (St.meld 14/1993-94:15) er slik framleis for ynskjetenking å rekne: Sjansen for å studere eit elitefag i Noreg (profesjonsfag på universitet og andre lukka studium med høg status) er 35 gonger så stor for søner av høgtløna akademikarar som for søner av lågtlønnte ufaglærde arbeidarar (Hansen 1999:193).

Den systematiske variasjonen i sosiale klasser si tilgang til høgare utdanning – den akademiske dødsraten - skuldast ifylgje Bourdieu at utdanningssystemet si honorering av skolastiske resultat i mindre grad er knytt til naturlege "gåver" hjå elevar enn *"... the greater or lesser affinity between class cultural habits and the demands of the educational system or the criteria which define success in it..."*


---

<sup>3</sup> Sjølv om utvalet vart gjort med mål om ei brei samansetning av studium og sosiale bakgrunnar, er det eigenskapar med utvalet som gjer at ein må vere forsiktig når ein generaliserar resultatane frå studentar i Bergen til Noreg som heilskap. Nokre av desse problema er: 1) at visse typar utdanningar ikkje eksisterar i Bergen, som Teologi 2) fråværet av studentar som studerer i utlandet, som Hansen & Rogg (1991) har synt skil seg ut ved å i større grad kome frå sosiale elitar, og har låg kvinneandel, samt 3) uvissa om korleis sosiale bakgrunnar og utdanningar si prestisje spelar inn på sosial mobilitet i utdanningsval (td. valet for ein Bergensar å ta medisinstudiet i Oslo i staden for i Bergen).

” (Bourdieu 1979:22). At utdanningssystemet på denne måten – under dekke av å vere meritokratisk - konverterer sosiale privilegium til personlege privilegium (frå arva kulturell kapital til personleg utdanningskapital) gjer at Bourdieu ser skulen som sentral i opprettholdinga av klassestrukturen i moderne samfunn<sup>4</sup>.

Ulik *tilgang* til høgare utdanning er likevel berre eitt av ledda i utdanningssystemet sin sorteringsmekanisme. Som figur 1 illustrerer, er det og store skilnadar i *kva* borna av ulike sosiale klasser vel å studere.

**Figur 1. Born av tre yrkesgrupper fedre si fordeling på UIB sine fakultet. Prosent.**



Figuren syner fordelinga på ulike fakultet på UIB for born av fedre i tre yrkeskategoriar: 1) handverkarar, 2) lektorar/ adjunktar i vidaregåande skule og 3) legar / tannlegar. Ser me fyrst på embedstudia (medisin, odontologi, jus og psykologi) – som tradisjonelt har vore dei sikraste vegane til makt og status i utdanningssystemet – finn me at 60% av borna av legar og tannlegar studerer eit embedsstudium, men berre ein fjerdedel av handverkarborna. Me ser og ein tendens til *sosial reproduksjon* ved at sønene til dei tre yrkesgruppene fedre har ein tendens til å velje fakulteta som har sterkast fellestrekk med fars yrke: handverkarsønene vel realfaglege studium (59%), lektorsønene vel samfunnsfagleg eller humanistisk utdanning (54%) og sønene av legar / tannlegar vel same studium som sine fedre (42%).

<sup>4</sup> Her skil han seg frå dei marxistiske lagdelingsstudiane – ei gruppe han elles deler mange av problemstillingane og innsiktene med – som derimot ser *arbeidsplassen* som “..stedet hvor systemet overmannar sine deltakere uten at de er seg bevisst.” (Huch 1977:142), og skulen ein stad der elevane vert sosialisert til gagn for produksjonsapparatet, med ein “generalisert yrkesmotivasjon” (ibid. 120). I Noreg er Colbjørnsen mfl. (1987) ein representant for denne tradisjonen.

Avdi kvart fakultet samlar svært ulike fag, er skilja i i sosial rekruttering mellom fakulteta likevel mindre enn dei *interne* skilja på kvart fakultet. T.d. har 39% av studentane på Samanliknande politikk ein far med hovudfag, men berre 5% av studentane på Informasjonsvitenskap (begge Samfunnsvitenskaplig fakultet). Samstundes er det slik at dei høgare fagnivåa på eit studium vanlegvis rekrutterer frå meir privilegerte sosiale bakgrunnar enn dei låge<sup>5</sup>.

Vidare ser me av figur 1 at sønene og døtrene sine val ikkje er like, men fylgjer dels den tradisjonelle arbeidsdelinga i samfunnet (berre 11% av handverkardøtrene tek realfaglege studium, til dømes). Også her er det store skilje internt på fakulteta: Halvparten av dei kvinnelege studentane på HF studerer moderne språk - eit studieval som ofte fører fram til ei lærargjerning - men berre ein fjerdedel av dei mannlege.

Det at dei to kjønna har ulike statistiske sjansar til å velje den same utdanninga – noko som reflekterer ulike sosiale barrierar - gjer at kvinner og menn på same studium ofte har ganske ulik sosial rekruttering<sup>6</sup>. Same logikken gjeld også meir allment: Fordi studentane er eit utval av (hovudsakleg) unge menneske som har overlevd ein eliminasjonsprosess av ulik styrke, alt etter deira sosiale bakgrunn og kva studium det gjeld, er *studentar mindre representative for ein sosial kategori som heilskap di sterkare elimineringsprosessen er for kategorien*. I Gripsrud & Hovden (2000) har me t.d. synt at tre gongar så mange døtre av manuelle arbeidarar på Humanistisk fakultet oppgjev sine fedre som litteraturinteresserte som døtre av manuelle arbeidarar på Matematisk-Naturvitenskaplig fakultet<sup>7</sup>.

Dette fenomenet – som vanlegvis er utegløynd i studiar av høgare utdanning – gjer at reine statistiske samanlikningar av dei ulike studentgruppene sine sosiale karakteristika (som andelen foreldre med høgare utdanning eller foreldres yrkeskategoriar) lett fører til ei undervurdering av effekten av sosial klasse.

## Studentrommet

Eit forsøk på å synleggjere meir intuitivt nokon av dei viktigaste skilja mellom studieval og sosial klasse er gjeve i figur 2. Sosiale kjennemerke for nokre kvinnelege og mannlege studentgrupper er gjeve i tabellvedlegget.


**Figur 2. Den sosiale struktureringa av studentrommet i Bergen. Korrespondanseanalyse akse 1 og 2.**

---

<sup>5</sup> På humanistisk fakultet (HF) har t.d. 36% av studentane på grunnfag ingen foreldre med høgare utdanning, men det er tilfelle for berre 9% av studentane på mellomfag.

<sup>6</sup> Til dømes har dobbelt så mange av kvinnene som mennene på medisin to foreldre med høgare utdanning (i motsetnad til berre ein).

<sup>7</sup> Denne effekten er drøfta av Bourdieu i fleire verk, m.a. i "Students and the language of teaching" frå 1965 (1994). At dei sosiale kjennemerka for studentane sine foreldre byggjer på anslag frå studentane sjølve bidreg utvilsamt også til å tilsløre sosiale skilnadar.



Forenkla sagt, syner kartet dei to dimensjonane av ulikskap som best forklarar skilja i studentfedrene sine sosiale klasseposisjonar, gjeve ved indikatorar for fars økonomiske-, utdanningsmessige-, politiske- og kulturelle kapital<sup>8</sup>.

Viktigaste skiljet (nord-sør aksen) går mellom studentar med fedre med generell *høgt* kontra *lågt kapitalvolum*, som syner at kapital avlar kapital også i breiare tyding enn økonomisk: Fedrane med høgare utdanning har også i snitt høgare inntekt og fleire bøker i heimen enn dei utan. Den andre dimensjonen (aust-vest aksen) nyanserer denne opposisjonen ved å skilje mellom studentfedrane si *kapitalsamansetjing* (spesielt innanfor elitane, med andre ord innanfor den øvste delen av kartet). På

<sup>8</sup> Denne konstruksjonen, som freistar å rekonstruere det sosiale rommet og slik opphavet til studentane sine sosiale baner (deira foreldre sin posisjon i det norske klassesystemet, gjeve ved desse sitt kapitalvolum og -samansetjing) er basert på ein multipel korrespondanseanalyse av statistiske ( $\chi^2$ ) skilnadar mellom 76 kategoriar for fylgjande (aktive) variablar: [1] Fars yrke, [2] Fars inntekt, [3] Fars utdanningsnivå, [4] Om far arbeidar i offentlig eller privat sektor, [5] studentens fakultet/institusjon og [6] meter bøker i oppvekstheimen. Akse 1-3 forklarar hendhaldsvis 5,9%, 4,4% og 3,3% av den totale spreinga i matrisa.

venstre sida finn me fedre i offentleg sektor (lærarar og leiarar i stat/kommune), som og er kjennemerka ved større grad av politisk kapital – leiande offentlege stillingar, verv i politikk og fagforeiningar - medan me på den høgre sida av aksene finn den teknisk-økonomiske eliten (legar, sivilingeniørar og –økonomar, leiarar i næringslivet) som i hovudsak er tilknytt privat sektor og har meir økonomisk kapital.

Andre hierarkiseringsprinsipp eksisterer, men fell i hovudsak saman med dei to førenemnde. Den generelle kapitalaksen (nord-sør) deler også til ein viss grad utdanningsrommet i *ein mannleg og ein kvinneleg del* (studiane som rekrutterar lågast sosialt, er ofte sterkt kvinnedominerte – som førskulelærarar og sjukepleie). Me finn òg eit *geografisk skilje* langs same aksene, då høgskuleutdanningane i langt større grad er dominerte av lokale studentar (67% av studentane ved HIB er frå Hordaland, mot 31% ved UIB og 17% ved NHH)<sup>9</sup>.

Kartet er konstruert på grunnlag av indikatorar for studentane sine *fedre*. Men generelt er det slik at *studentane sine foreldre har ein tendens til å lage born saman med makar med same kapitalsamansetjing og –volum* (ein kan kalle det *klassebasert endogami*, som motsetnad til tradisjonelle samfunn sin klan / kaste / familiebaserte endogami). Av 14 studentar med ein lege til mor har 6 av desse ein far innan den medisinske profesjonen, og 4 ein far som foreles på høgskule / universitet. Dette krake-søker-make-fenomenet er velkjend i sosiologisk forskning, sjå t.d. Øyen (1964)<sup>10</sup>. Effekten av dette er at dei velsigna studentane er dobbelt velsigna, og omvendt betyr det at å ha ein ressurs svak far på eit område sjeldan vert kompensert gjennom mors kapitaltilgang<sup>11</sup>.

Utifrå dei ulike studia si plassering i kartet er det mogleg å trekke nokre konklusjonar<sup>12</sup>. For det fyrste er det klart at *dei mest prestisjefulle universitetsutdanningane ikkje er like oppnåelege for alle*, men er i større grad er dominert av studentar med privilegerte sosiale bakgrunnar. For det andre ser me ein tendens til *sosial reproduksjon* frå foreldregenerasjonen til neste generasjon, både i høve til *kapitalvolum* (born av sosiale elitar dominerer dei sikraste utdanningsvegane til prestisje og status) og *kapitalsamansetjing*. I høve sistnemnde ser me td. av at

---

<sup>9</sup> I tillegg kan nemnast ei viss *aldersmessig* hierarkisering langs fyrsteaksene (t.d. er 21% av sjukepleiarstudentane over 30 år, men berre 9% av medisinastudentane)

<sup>10</sup> Korrespondanseanalyser basert på indikatorar for mors kapital (ikkje medteke) gjev same hovedopposisjonane som for far (figur 2), og er difor ikkje medteke her. Når eg ikkje har laga ein korrespondanseanalyse på basis av far og mor sine kapitalindikatorar samstundes, skuldast dette tekniske eigenskapar ved denne analyseteknikken: ein slik framgangsmåte gjev ein Guttman-effekt (jfr. Rouanet & Le Roux 1993:274).

<sup>11</sup> Slik har 71% av studentane med ein far med hovudfag har også ei mor med høgare utdanning (18% med hovudfag), men berre 56% av dei med fedre utan høgare utdanning har ei mor med høgare utdanning, og 1% har ei mor med hovudfag.

<sup>12</sup> To merknadar til lesinga av fagkategoriane sine posisjonar i kartet: 1) Av di plasseringane av faga reflekterer den gjennomsnittlege kapital- og volumsamansetjinga til desse sine fedre, betyr det at universitetsfaga og –fakulteta (med unntak av embedsstudiuma) grunna faghierarkiet si pyramideform (det er mange fleire grunnfagsstudentar enn studentar på mellom- og hovudfag) i fyrste rekkje avspeglar grunnfagsstudentane ved desse studiane. 2) På same måten vil plasseringa av kategoriane for fag som syner menn og kvinner samla (som Litteraturvitenskap) best reflektere den sosiale rekrutteringa til det kjønnet som er i overtal på faget.

i Bjørkås (red.) 2002: *Individ, identitet og kulturell erfaring*. Oslo, Høyskoleforlaget.

lærerutdanninga og språkfag (som tradisjonelt har ført fram til ei lærargjering) har ein større andel lærarforeldre enn andre, medan NHH og dei medisinske eliteutdanningane er dominert av studentar med fedre med beslekta karrierar<sup>13</sup>.

At kartet i figur 2 ikkje er ein statistisk fiksjon, men skildrar viktige skilje vert styrka av at dei sosiale avstandane i kartet også er *mentale avstandar* for studentane. På eit spørsmål om dei trudde dei passa spesielt godt/dårleg til å ta ulike studium frå ei liste, var det ein klar tendens til at studentane med mindre privilegerte bakgrunnar forkasta eliteutdanningane som moglege karrierar for seg (og omvend) – t.d. meinte 30% av kvinnelege lærarstudentar at dei passa som sjukepleiarar, men berre 10% såg føre seg sjølv som legestudentar<sup>14</sup>. Det framstår slik som om studentane sine objektive *sjansar* i utdanningssystemet - gjeve ved deira ulike sosiale vilkår – er nedfelt i deira kroppar som mentale *disposisjonar*, som gjer at utdanningane i ulik grad blir oppfatta som oppnåelege og attråverdige for dei.

I ein kulturpolitisk samanheng er det interessant å merke at studentane si vurdering av dei kunstfaglege utdanningane (som plasserer seg i venstre side i kartet) fylgjer ein liknande logikk: Studia som plasserer seg nærast den økonomiske/private polen (høgre side) – medisin, jus og NHH – er dei studentgruppene som oftast forkastar ei kunstfagleg utdanning, trass i at dei to fyrstnemnde er dei som oftast klassifiserer seg sjølve som kunstnarar (i eit anna spørsmål i skjemaet). Langt fleire studentar på lærarstudiet og humanistiske fag ser derimot kunstfaglege utdanningar som passande for dei. Om rekrutteringa til kunstnaryrka ikkje lenger er knytt til ein liten elite (Bjørkås 1999), tyder dette likevel på at rekrutteringspotensialet til den kunstfaglege utdanningane fylgjer tydelege – og tradisjonelle – sosiale skilje.

## Kultur som sosial arv

Hovudmønsteret i figur 2 minner mykje om Pierre Bourdieu sitt kart over det franske sosiale rommet i *Distinction* (1984:128). Ein viktig skilnad er likevel at den kulturelle kapitalen og den økonomiske kapitalen ikkje er så klart i opposisjon i våre analyser som Bourdieu fann i Frankrike. Studerer me fordelinga av bøker i oppvekstheimen - som ein indikator på kulturelt interesserte foreldre, og slik indirekte for kulturell kapital – ser me at denne i grove trekk fylgjer aksen for kapitalvolum, og *ikkje* offentleg-privat dimensjonen.

Ser me på studentane si rapportering av sine foreldres kulturinteresser, er det likevel råd å antyde nokre skilje i kulturelle oppvekstmiljø for dei ulike studentgruppene (tabell 1).

---

<sup>13</sup> Den sosiale reproduksjonen er slik sjeldan *direkte*: Av jentene på medisin er det t.d. berre 20% som har ein far som er lege. Reproduksjonen av klassestrukturen skjer ved at faga har ein tendens til å rekruttere studentar med bakgrunnar med liknande kapitalsamansetjing (og slik, nærliggjande sosiale klasser): 20% av desse jentene har ein far som er leiar i ei stor bedrift og 25% har ein far som foreles på universitet eller høgskule.

<sup>14</sup> Me finn og att skiljet mellom offentleg og privat (akse 2): Berre 12% av mannlege medisinarstudentar seiar dei kunne passe til å ta lærarstudiet. 40% av dei mannlege studentane på samfunnsfagleg fakultet (SV) ser føre seg dette, men berre 6% av dei kryssar av for medisinstudiet som noko dei kunne passe til.

**Tabell 1: Studentars vurdering av sine foreldres kulturinteresser. 18-30 år. Prosent.**

	<u>Universitetet i Bergen (UIB)</u>										<u>NHH</u>				<u>HIB</u>				<u>Totalt</u>	
	<u>Med</u>		<u>Psyk</u>		<u>Jus</u>		<u>SV</u>		<u>HF</u>		<u>MatNat</u>		<u>Alm. lær</u>		<u>Ing Sjuk</u>		<u>M</u>	<u>K</u>		
	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K				
	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K		
<b>Far interessert i.....</b>																				
Klassisk norsk litteratur	27	45	47	42	39	42	49	38	54	49	38	49	30	38	31	41	33	42	<b>38</b>	<b>41</b>
Bildekunst	40	32	33	37	33	27	24	53	26	37	25	33	30	41	31	38	33	33	<b>31</b>	<b>36</b>
Teater	40	36	36	37	36	38	30	37	27	37	29	36	31	46	46	59	37	50	<b>31</b>	<b>40</b>
Klassisk musikk	47	39	47	44	55	43	41	38	41	44	38	33	35	50	38	41	32	33	<b>40</b>	<b>42</b>
Sport	53	61	80	72	67	73	84	80	79	76	77	74	75	90	85	72	72	77	<b>74</b>	<b>74</b>
<b>Mor interessert i.....</b>																				
Klassisk norsk litteratur	33	73	75	44	39	67	63	72	51	60	50	48	51	50	77	66	43	33	<b>52</b>	<b>56</b>
Bildekunst	53	64	63	37	52	57	42	63	42	63	37	51	39	67	46	55	43	33	<b>45</b>	<b>53</b>
Teater	40	57	73	51	58	73	50	64	51	62	56	63	48	71	69	70	40	50	<b>52</b>	<b>62</b>
Klassisk musikk	40	45	44	40	48	62	34	44	53	48	50	56	39	52	67	48	35	42	<b>45</b>	<b>49</b>
Sport	40	30	44	36	45	35	37	50	25	30	27	48	33	45	31	17	34	31	<b>32</b>	<b>36</b>
<b>N</b>	<b>15</b>	<b>23</b>	<b>16</b>	<b>43</b>	<b>33</b>	<b>37</b>	<b>38</b>	<b>55</b>	<b>58</b>	<b>87</b>	<b>53</b>	<b>45</b>	<b>87</b>	<b>46</b>	<b>13</b>	<b>31</b>	<b>30</b>	<b>25</b>	<b>406</b>	<b>506</b>

Ser me på dei einskilde studiuma, er studentane på samfunnsfagleg-, humanistisk fakultet og allmennlærerstudiet dei som oftast har *litteraturinteresserte* foreldre, saman med jenter på medisin og gutar på psykologi (men ikkje deira kollegaer av motsett kjønn). Interesse for *bildekunst* er vanligast hjå foreldra til dei mannlege embetsstudentane (medisin, jus, psykologi), men for jentene er dette meir vanleg hjå dei som studerar på SV og HF. *Teaterinteresserte* foreldre er kjennemerke for studentar på lærarstudiet og mannlege psykologistudentar. Interesse for *klassisk musikk* fylgjer i hovudsak same fordeling som teaterinteresse (dersom ein legg til menn på HF). *Sportsinteresse* er mest vanleg blant studentane sine fedre, og her utmerkar fedrane til medisinstudentane seg med særleg låg andel (berre 53% av mannlege studentane, mot 74% av snittet).

Samanliknar me dette med korrespondansekartet i figur 2, ser me at det å ha foreldre som er interesserte i den klassiske legitime kulturen - om studentane sine anslag er bort imot korrekte - er vanlegare blant dei mest sosialt privilegerte studentgruppene<sup>15</sup>. Samstundes er det skilnadar: interesse for "klassisk norsk litteratur" er vanlegast blant foreldrepar der far tilhøyrrer den politisk-offentlege eliten, medan interesse for bildekunst er meir vanleg i familiar der far plasserer seg i den teknisk-økonomiske eliten<sup>16</sup>. Dette er interessant, av di det å være kjend med litteraturens nasjonale klassikarar i Noreg må kunne seiast - i langt større grad enn

<sup>15</sup> Dette kan me og sjå på ein enkel måte ved å samanlikne foreldra sitt utdanningsnivå med deira kulturinteresser. Då finn me at 51% av studentane med ein far med høgare utdanning oppgjev far som interessert i klassisk litteratur (mot 26% av dei utan slike fedre), 54% i klassisk musikk (mot 27%), 45% i teater (mot 25%), 43% i bildekunst (mot 23%). For sportsinteresse er det derimot ein svak negativ samanheng (70% kontra 78%).

<sup>16</sup> Til ein viss grad gjeld sistnemnde også for interesse for klassisk musikk og teater, men slik interesse er og utbreidd blant lærarstudentane sine foreldre.



i Bjørkås (red.) 2002: *Individ, identitet og kulturell erfaring*. Oslo, Høyskoleforlaget.

bildekunst – å ha vore universalt respektert, og slik viktigare som kulturell kapital<sup>17</sup>. Utan tvil skuldest dette mykje den ulike inkorporeringa i det skuleverket som gjennom den kollektive eksponeringa og sanksjoneringa har sikra at mesteparten av norsk ungdom har lært å sjå litteraturen som eit adelsmerke, om ikkje å setje pris på den.

Saman med ei nærare lesing av fedranes yrkesposisjonar i kartet – me finn t.d. læraryrka på den offentlege polen (for studentane sine fedre) – antydar dette at opposisjonen offentleg-privat også til ein viss grad kan lesast som eit skilje mellom kulturell og økonomisk kapital også i Noreg. Dette samsvarar med Lennart Rosenlund sin studie av det sosiale rommet i Stavanger, som fann ein liknande struktur (1998).

Den kulturelle kapitalen har likevel ei fordeling som ikkje eintydig fylgjer klassestrukturen<sup>18</sup>. Eit slåande trekk ved tabellen er at studentane gjennomgåande oppgjev sine mødre som langt meir kulturinteresserte enn sine fedre (om ein då ser vekk frå sport). T.d. seier 23% av studentane at berre mor er interessert i klassisk norsk litteratur (10% berre far, 32% begge). I motsetnad til utdanning og inntekt, der studentane sine fedre oftare er overlegne deira mødre, framstår slik mor oftare som den viktigaste bæraren av den klassiske legitime kulturen. Ulike giftarmålsstrategiar spelar og inn for fordelinga av den kulturelle kapitalen: Eit unnatak frå "krake-søker-make"-fenomenet er t.d. at kvinnelege lektorar/adjunktar (som har mykje kulturell kapital) har ein tendens til å lage born med makar frå den medisinske profesjonen.

## Kulturens publikum

Me har no fått eit grovt inntrykk dei ulike utdanningane, og kan konstatere store systematiske skilje både i høve til sosial rekruttering og deira foreldre sine kulturinteresser. Gjeve Bourdieu si vektlegging av tidleg sosialisering som formativ for dei kulturelle disposisjonane, er spørsmålet då i kva grad studentane sine *eigne* kulturvanar heng saman med deira foreldre sine interesser?

Gjeve formålet med denne artikkelen – nemleg å bidra med empirisk kunnskap om studentar sin bruk av dei kulturpolitisk regulerte institusjonane - vil eg her i liten grad diskutere studentane sitt tilhøve til medie- og massekultur. Verdt å nemne her er likevel at skiljet mellom høg- og låg-kultur for studentane ikkje er einstyddande med eit skilje mellom forbruk av smal/legitim kultur kontra massekultur. Delar av populærkulturen er felles for dei fleste studentane, som visse typar populærmusikk og såpeoperaer - 92% av studentane liker Seinfeld. Derimot er det ting i studentane sine svar som antyder eit motsetningstilhøve mellom den komande kultureliten og den meir folkelege kulturen. T.d. er ingen studentgruppe så klart negativ til Celine Dion og DDE som studentane på humanistisk og samfunnsfagleg fakultet (jamfør også analysen av studentar sine såpeoperapreferansar i Gripsrud & Hovden 2000).

Vidare vil eg – av same årsak - konsentrere meg om studentane som *publikum* for dei ulike kulturaktivitetane. Her må det påpeikast at det å vere publikum i salen – t.d.

---

<sup>17</sup> Jamfør Bourdieu sin definisjon av kulturell kapital som "*..the factors which define the positions of the different classes with regard to the school system.....because these factors are converted and cashed, at every stage at the school career..*" (Bourdieu & Passeron 1990:87).

<sup>18</sup> Jamfør Gripsrud & Hovden (2000).

for ein klassisk konsert – berre er ein av mange moglege i eit sosialt hierarki av bruks- og tileigningsmåtar for kulturprodukt. Som Bourdieu påpeiker i *Distinction*, er kunnskap om ei kulturform meir ulikt sosialt fordelt enn preferansar for denne (1984:318), og det å vere publikum på ein klassisk konsert – som krev ein større eigeninnsats enn t.d. å lytte på klassisk musikk på ein CD - er meir skiljande for studentane enn deira preferansar for klassisk musikk: berre 15% av studentane har vore på klassisk konsert siste året, men 50% seier dei likar barokkmusikk – like mange som likar irsk folkemusikk og dobbelt så mange som likar blues.

Nokre utvalde indikatorar for Bergenstudentane sin kulturbruk er gjeve i tabell 2.

**Tabell 2: Bruk av ulike kulturtilbod. Studentar i Bergen 18-30 år.**

	Universitetet i Bergen (UIB)										NHH				HIB				Totalt	
	Med		Psyk		Jus		SV		HF		MatNat		Alm. lær		Ing		Sjuk		M	K
	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K		
	Siste 12 månadar vore tilskodar på.. (%)																			
TEATER/ MUSIKAL/ REVY	64	78	75	67	39	76	45	73	45	67	46	64	51	56	85	81	37	31	50	47
Den nasjonale scene	40	52	25	35	21	43	39	40	19	42	26	31	16	28	61	55	19	31	26	40
Teatergarasjen	0	0	19	7	0	3	11	7	9	16	0	9	3	4	15	13	0	0	6	7
Prof. kabaret/revy	20	30	12	30	30	35	18	24	12	29	19	29	13	43	61	52	13	15	19	29
Klassisk ballett	13	4	0	2	6	11	0	0	3	3	4	9	3	5	0	5	3	0	4	5
Moderne dans	12	16	9	7	3	22	16	20	17	21	2	3	9	11	0	11	3	0	11	14
MUSIKK KONSERT	54	78	94	63	64	94	86	83	91	83	73	77	79	87	91	75	73	64	80	76
Klassisk konsert	33	52	25	7	15	25	19	13	28	33	8	23	13	4	23	26	0	25	18	12
Operaforestilling	33	9	6	9	12	6	3	11	7	18	6	7	7	9	8	7	3	8	7	11
Pop/rock-konsert	40	39	75	50	45	64	65	54	79	51	52	56	74	70	61	53	53	33	64	51
Jazzkonsert	13	22	44	22	12	23	27	25	36	26	19	18	11	6	8	33	9	17	21	20
Housekonsert	0	0	25	14	6	7	32	13	21	11	13	4	15	6	8	10	3	0	15	8
<b>Delteke i løpet av 3 siste åra på..... (%)</b>																				
Nattjazz	13	22	12	14	15	5	26	19	24	17	21	14	2	9	15	16	6	8	5	4
Litterære festspel	7	0	0	0	0	0	5	2	3	7	2	0	2	1	8	6	0	0	2	2
Music factory	7	0	6	0	0	0	5	0	3	5	0	0	0	0	0	3	0	0	2	1
Øvrige festspel	27	22	12	7	3	13	18	23	13	24	25	7	11	13	38	23	9	15	12	16
<b>Er minst 1 gong i året på... (%)</b>																				
Kunstgalleri	40	52	75	53	64	71	56	74	61	80	49	64	36	61	31	61	28	23	50	63
Museum	73	61	75	67	73	68	60	75	77	86	72	76	55	79	55	79	55	69	67	74
Offentleg kino	93	96	100	100	94	100	100	98	98	98	94	100	98	98	98	98	69	100	97	98
Filmklubben	47	32	44	16	7	12	35	33	50	40	25	22	35	7	35	7	13	8	27	22
Idrettsarrangement	67	52	73	53	88	71	87	64	72	36	60	53	71	79	71	79	62	39	74	67
Kulturarr. Stud.samfunnet	80	83	81	52	48	69	89	82	78	78	64	73	71	66	71	66	55	23	70	67
<b>Bokklubbmedlemskap og skjønnlitteratur (%)</b>																				
Medlem i bokklubb	13	56	19	49	30	46	37	44	26	47	13	42	18	52	54	65	6	31	22	48
"Les aldri skjønnlitt. bøker"	13	0	16	12	16	0	8	0	2	1	19	2	18	5	0	10	41	0	16	4
<b>TV- og radiobruk (timar pr. veke)</b>																				
TV	8	7	9	15	13	10	13	12	12	10	13	10	13	10	11	11	10	9	12	10
Radio	5	8	5	6	7	6	6	8	5	7	5	9	6	7	7	8	7	3	6	7
<b>N</b>	<b>15</b>	<b>23</b>	<b>16</b>	<b>43</b>	<b>33</b>	<b>37</b>	<b>38</b>	<b>55</b>	<b>58</b>	<b>87</b>	<b>53</b>	<b>45</b>	<b>87</b>	<b>46</b>	<b>13</b>	<b>31</b>	<b>30</b>	<b>25</b>	<b>406</b>	<b>506</b>

Ser me fyrst på kjønnskilnadane, finn me at dei kvinnelege studentane er – som sine mødre - meir aktive brukarar av dei legitime kulturinstitusjonane enn sine

mannlege kollegaer. Dobbelt så mange kvinner er medlem i bokklubb, og nokre fleire av dei har vore på tradisjonelt teater, på museum og i kunstgalleri siste året. Derimot synest dei mannlege studentane vere noko ivrigare konsertgjengarar (spesielt pop / rockekonsertar), og fleire gitar enn jenter har vore tilskodar på idrettsarrangement. I hovudsak er dette mønster som liknar på dei ein finn i befolkninga som heilskap<sup>19</sup>.

*Kjønnskilja – i høve kven som er aktive forbrukarar og ikkje - er likevel mindre enn skilja mellom dei ulike faga – også for kjønna separat.* Det siste året har t.d. 14% fleire av dei kvinnelege enn dei mannlege studentane besøkt Den Nasjonale Scene (40%), men 42% fleire av dei mannlege studentane på allmennlærerutdanninga enn på humanistisk fakultet (61% kontra 19%). Vidare finn me variasjonar mellom kjønna internt på faga: Mannlege og kvinnelege studentar på samfunnsfagleg fakultet er t.d. mindre ulike kvarandre i sin kulturbruk enn studentane på medisin.

Samanliknar me dei ulike studentgruppene sin kulturbruk, er det mogleg å ymte om nokre kulturelle profilar. Av framstillingshensyn har eg her vald å konsentrere meg om seks studium: Sjukepleie, Ingeniør og Allmennlærer (HIB), Humanistisk fakultet og Medisin (UIB), samt NHH.

#### Kvinnelege sjukepleiestudentar: Lite, enkelt, trygt og tradisjonelt

For dei kvinnelege studentane ser me at studentane på sjukepleie er gjennomsnittleg aktive når det gjeld deltaking i Festspela (også Nattjazz) og dei aller mest tradisjonelle og legitime formane for scenekunst - klassisk ballett og til ein viss grad også Den Nasjonale Scene (DNS) - og musikkunst (opera og klassisk musikk, sistnemnde endå til godt over snittet). Derimot skårar dei ekstremt lågt på dei fleste andre formar for kulturbruk, t.d. er det ingen anna gruppe der så få har vore i kunstgalleri siste året (23%, mot 63% av dei kvinnelege studentane totalt). Ingen av dei har heller oppsøkt moderne/opposisjonelle kulturuttrykk i form av moderne danseforstillingar eller Teatergarasjen sine førestillingar. Svært få av dei har òg besøkt Filmklubben (8%) og kulturelle arrangement i Studentersamfunnet (23%), noko som tyder på låg integrasjon i den universitetsbaserte studentkulturen.

#### Mannlege ingeniørstudentar: Brukar tida si til andre ting?

Desse skårar heilt i botnen på dei fleste formane for kulturbruk, det vere konsertar, teater, utstillingar, kino, bokklubbmedlemskap eller litterær interesse (heile 41% av dei seier dei aldri les skjønnlitteratur, mot 16% av gutane totalt). Deira fritid vert ikkje nytta framfor fjernsynet heller, dei oppgjev i snitt berre 10 timar TV i veka (mot 12 timar i snitt for mannlege studentar). Tydelegvis må dei nytte si fritid til andre ting.

#### Allmennlærerstudentar: Kulturell godvilje og høgt forbruk

Dei kvinnelege lærarstudentane er ei av dei studentgruppene som er mest aktive kulturbrukarar og skårar høgt på det meste, men profilen fylgjer delvis ein liknande logikk som sjukepleiestudentane: ein sterk preferanse for den mest legitime scene- og musikkunsten (DNS, kabaret, klassisk musikk – men berre middels interesse for Opera). Ingen er heller meir trufaste bokklubbmedlemer. Men dei utviser og ei kulturell godvilje gjennom ei viss orientering mot "middlebrow", "vanskelege" og

---

<sup>19</sup> SSB Kulturstatistikk To unnatak er likevel museumsbesøk og klassiske konsertar (der tendensen er omvendt).

i Bjørkås (red.) 2002: *Individ, identitet og kulturell erfaring*. Oslo, Høyskoleforlaget.

opposisjonelle kulturuttrykk (jazzkonsertar, danseførestillingar og Teatergarasjen). Men få filminteresserte (Filmklubben).

Dei mannlege lærarstudentane har ein profil som liknar på sine kvinnelege kollegaer med høgt teaterforbruk og bokklubbmedlemskap, men er under gjennomsnittet interesserte i mindre umiddelbare kulturuttrykk som dans, jazz- og kunstutstillingar. Til gjengjeld oppgjev ingen av dei at dei aldri les skjønnlitteratur (mot 10% for kvinnelege lærarstudentar, og 9% av studentane totalt)

#### NHH-studentar: Sosiale konsumentar av moderne populærkultur

To kjennemerke ved dei kvinnelege NHH-studentane sin kulturbruk er at dei er lite teaterinteresserte (den høge andelen på kabaret/revy skuldast truleg i hovudsak den årlege revyen på NHH si studentveke), men til gjengjeld er dei eit uvanleg ivrig publikum for pop/rockekonsertar. Men dei går i mindre grad på andre konserttypar, i alle fall ikkje på jazzkonsertar (om det då ikkje er Nattjazz, der deltaking nok i mindre grad kan tolkast som uttrykk for ei aktiv jazzinteresse). Elles er dei gjennomsnittlege brukarar av utstillingar og kino (men ikkje av Filmklubben), og skil seg òg frå andre kvinnelege studentar ved at ein høg andel av dei har vore publikum på idrettsarrangement.

Dei mannlege NHH-studentane har mange av trekka til sine kvinnelege kollegaer, men er oftare i Filmklubben og sjeldnare på kunst- og museumsutstillingar.

#### Medisinstudentar: Klassisk legitim kultur

Kvinnene har til felles med dei kvinnelege lærarstudentane at dei er eit ivrig publikum for DNS og klassiske konsertar (men ikkje for pop og jazzkonsertar), og også ein av dei høgste andelane bokklubbmedlemer. Derimot skil dei seg ved å være eit dårleg publikum for kunstutstillingar og museum (for sistnemnde endå til dårlegare enn sjukepleiarstudentane). Til gjengjeld har dei ein høg andel vore på Nattjazz og Filmklubben.

Dei mannlege medisinarstudentane har ein liknande preferanse for DNS og klassiske konsertar, men utmerkar seg i tillegg med uvanleg stor filmklubb- og operainteresse (heile 33% av dei har vore på operakonsert, mot berre 7% av dei mannlege studentane) og liten interesse for konsertar med populærmusikk. Det er og interessant at ingen av medisinstudentane har vore på Housekonsert i løpet av dei siste 12 månadane (mot ca. 10% totalt).

#### Humaniststudentane: Høgt forbruk med smak for det avantgardistiske

Dei kvinnelege humaniststudentane minner om dei kvinnelege legestudentane, men søker i mindre grad dei mest klassiske legitime kulturformene (DNS, klassiske konsertar) til fordel for meir opposisjonelle kulturuttrykk: i ingen anna studentgruppe har så mange vore på Teatergarasjen (16%), og dei ligg heilt i toppen for moderne dans (21%). Med unntak av idrettsarrangement ligg dei over snittet for alle indikatorar på kulturbruk, ofte langt over.


Dei mannlege humaniststudentane har ein liknande profil, men utmerkar seg ved å vere aktive konsertgjengarar i også pop/rock og jazzgenren, og berre gjennomsnittleg teaterinteresserte. Ikkje uventa er òg humanistane – både dei

mannlege og kvinnelege – blant dei studentgruppene der færrest seier at dei aldri les skjønnlitteratur (<2%).


Bourdieu har argumentert i *The Rules of Art* (1996:115) for at anerkjenninga av ei kulturprodukt eller -praksis i samfunnet er nært knytt til den sosiale kvaliteten til dette sitt publikum (som er forklaringa på klassisk musikk sin tradisjonelt høge status i kunsthierarkiet). Dersom dette er korrekt, kan våre tal frå studentane i Bergen lesast som ein varsel om pågåande prosessar knytte til tilhøvet mellom samfunnsklassene og kulturinstitusjonane (og slik: fallande og stigande sosial prestisje – sosialt og kunstnarleg – for dei ulike institusjonane).

Hovudinstrykket av studentane sin kulturvanar er her meir av ein reproduksjon enn ein revolusjon: *studentane med dei mest privilegerte sosiale bakgrunnane* (foreldre med høgare utdanning, statusyrke, høge inntekter mm., som samstundes også er dei mest kulturelt interesserte) *også er dei mest aktive brukarane av kulturinstitusjonane*. Skilja framstår også som relativt tradisjonelle (humanistane og lærarstudentane sin preferanse for litteratur t.d.), i tydinga av at dei i grove trekk attskapar skilja mellom studentane sine foreldre. Dette er prøvd illustrert i figur 3, som syner samanhengen mellom fars interesse og mannlege studentars forbruk av litteratur, klassisk musikk, teater og bildekunst.

**Figur 3: Radardiagram for samanhengen mellom fars kulturinteresser og mannlege studentar på nokre utvalde studium<sup>20</sup>. 18-30 år. Andel av gjennomsnitt.**



<sup>20</sup> Skjemaet hadde ikkje spørsmål som bad studentane om å rangere sin eigen kulturinteresse på same måten som for deira foreldre. Eg har difor vald å samanlikne studentane sitt anslag av fars interesse med indikatorar for studentens kulturaktivitet på dei same felte. Samanlikningsvariablane er slik (far-student): "far interessert i klassisk musikk" – "har vore på klassisk konsert siste 12 mnd", "far interessert i teater" – "har vore på teater/musikal/revy siste 12 mnd", "far interessert i bildekunst" – "har vore på kunstgalleri siste 12 mnd" og "far interessert i klassisk norsk litteratur" – "interessert i samtidslitteratur".



\* Den grå flata syner fars kulturpreferansar, og den svarte linja studenten sine kulturpreferansar. For å gjere tala samanliknbare er dei gjeve som andel av gjennomsnittet (=1) for høvesvis studentane sine fedre og dei mannlege studentane totalt. Slik ser me t.d. at medisinarstudentane har ein litt større andel fedre interesserte i klassisk musikk enn gjennomsnittet (1,2 gongar – 47% mot gjennomsnittleg 40%), men andelen av dei som sjølv har vore på klassisk konsert siste 12 månadar er 1,8 gongar snittet for mannlege studentar (33% mot 18% gjennomsnitt).

## Nokre avsluttande merknadar om studentars kulturbruk

Innleiingsvis stilte me spørsmålet om den auka tilgangen til høgare utdanning i befolkninga er truleg til å føre til ei endring og ein auke i kulturens publikum.

Samanliknar me Bergensstudentane sine kulturvanar med tilgjengeleg kulturstatistikk for resten av befolkninga, finn me at dei yngste studentane (20-24 år) i liten grad skil seg frå sine jamnaldringar i bruk av populærkultur (popkonsertar, kino, idrettsarrangement) og media (fjernsyn og radio). Derimot er dei langt meir aktive brukarar av dei klassiske og legitime kulturinstitusjonane - kunstutstillingar, teater, museum, dans m.m. (SSB Kulturstatikk 1998). Slik framstår også dagens studentar som ein sentral og viktig del av desse institusjonane sitt publikum.

Gjeve det særsegne i studentsituasjonen, kan ein nok likevel ikkje forvente at studentane vil halde fram med eit like aktivt og oppsøkande kulturliv etter si studietid.

Studentar er meir sosialt heterogene, meir avhengige av familieforplikingar og mindre integrerte i studentkulturen enn ofte oppfatta - ikkje minst av studentane sjølve. I dag bur like mange studentar i einebustadar som i kollektiv, berre halvparten er fulltidsstudentar, ein av seks forsørgjer born og ein av tjue er over 40 år. Likevel har studiesituasjonen for mange framleis preg av å vere eit langvarig moderne overgangsrite: unge menneske vert tekne ut av sitt familieliv og arbeidsliv, isolert saman med andre i same situasjon, dei går i gjennom ei rekkje prøver som – når overvunne – fører til reintegrasjon og ein ny sosial status i samfunnet. I mellomtida lever dei i ei eiga felles tid, som med si veksling mellom rolege periodar (tidleg i semesteret), intense arbeidsperiodar (før eksamen) og farlege periodar (eksamenstida) har mange fellestrekk med jordbruks-syklusar i tradisjonelle samfunn<sup>21</sup>.

Eit av særmerka ved studenttida er ein særskild fridom i bruk av *tid*. Dette, saman med at dei herskande studentideala også er kulturelle ideal om å vere aktiv og kunnskapsrik innan den legitime kulturen, gjer det uvisst i kva grad studentane sine kulturmønster vil vare ved når dei oppnår det paradoksale målet for sitt studenttilvære – nemleg å slutte å vere studentar.

<sup>21</sup> Jamfør Bourdieu & Passron 1979:29.

Utan at eg har sett studiar av dette, vil eg vente at studentane vert mindre aktive kulturbrukarar som ex-studentar. For mange vil truleg det jamne forbruket av kulturinstitusjonane verte erstatta av sjeldnare, kanskje årlege sosiale ritual som opprettheld det kulturelle sjølvbiletet - i Bergen er Festspela og Nattjazz veileigna til slike formål. Samstundes vil eg og vente at ex-studentane vil verte meir ortodokse kulturbrukarar. I eit oppjaga arbeidsliv, med mindre fritid, arbeidskollegaer med liknande sosiale bakgrunnar (og dermed også felles kulturelle disposisjonar) og ei frikopling frå dei strenge kulturelle ideala i studentmiljøet, vil studenttidens kulturelle *pilgrimsideal* (som driv ein til å oppsøke kulturaktivitetar som er framande, vanskelege eller endå til ubehaglege i retning av det masochistiske – berre studentar vil finne på å sjå Warhols 5 timar lange "Sleep" frå 1963) truleg verte meir eller mindre erstatta av eit kulturelt *lystprinsipp* som favoriserer kulturaktivitetar som framstår som umiddelbart interessante og underhaldande – og slik meir i tråd med deira habitus, og med det deira sosiale klasse.

Dette, saman med inntrykket av ein kulturell reproduksjon i tilhøvet mellom dei ulike sosiale klassene og bruken av dei klassiske kulturinstitusjonane – synt ved fellestrekk mellom studentane og deira foreldre sine kulturmønster her - antyder at dagens sosiale skiljelinjer også i framtida vil vere med på å definere kulturens demografi.

## Etterord: Om Bourdieu og puslespelforskning

Svein Bjørkås har i ein kommentar åtvare mot eit Bourdieu-hegemoni i norsk kulturforskning.

*"... det vil være en hemsko for kunnskapsdannelsen i kunstsosiologien, sosialantropologien og den kulturpolitiske forskningen hvis alle studier skal kvernes gjennom bourdieufabrikkens etter hvert så velsmurte maskineri" (Bjørkås 1998:264).*

Det er vanskeleg å vere ueinig med Bjørkås i dette, også for ein "begeistra bourdieuanar" som underteikna.

Deler av Bourdieu sin sosiologi – spesielt feltteorien – er ei teoretisk-empirisk tilnærming som fyrst og fremst fokuserer på maktdimensjonen ved sosiale fenomen. Men sjølv om eg i denne artikkelen har fokusert på studentane sin bruk av kulturinstitusjonane med ei slik vinkling, tyder dette sjølv sagt ikkje at dette er det einaste interessante sidene ved fenomenet. Som Max Weber påpeikte i essay frå 1904, er den sosiale røynda uendeleg kompleks, og *"In dieses Chaos bringt nur der Umstand Ordnung, daß in Jedem Fall nur ein Teil der individuellen Wirklichkeit für uns Interesse und Bedeutung hat..."* (Weber 1988:177).

I denne tydinga er alle teoretiske perspektiv reduksjonistiske – men nokon reduksjonar er meir fruktbare og beskrivande enn andre. Som ein av mange som er oppteken av Bourdieu, er det nettopp grunna i ei overtydning om at sosiale og kulturelle fenomen får mykje av si mening og retning gjennom deira korrespondanse med ulikskaps- og dominans-relasjonar i det norske samfunnet.

i Bjørkås (red.) 2002: *Individ, identitet og kulturell erfaring*. Oslo, Høyskoleforlaget.

Som eg har forsøkt synt, synleggjer samanhengen mellom studentane sine kulturvanar og deira foreldres kapitalressursar ikkje berre at dei sosiale strukturane er til stades og framleis er viktige – også for studentar i deira delvis fristilte situasjon. Ved å sjå studentane sine praksisar i samanheng med den sosiale strukturen, kan ein og sjå element av ein underliggjande logikk i dei ulike studentgruppene si kulturorientering (mot det smale, det populære, det vanskelege, det sosiale osv.). Til saman gjer dette mogleg ein refleksjon over kulturen si rolle i reproduksjonen og tilsøringa av sosial ulikskap i Noreg. Om ikkje alle norske kulturforskarar treng (eller bør) interessere seg for dette, er nokre av oss kulturforskarar nettopp av denne årsak.



i Bjørkås (red.) 2002: *Individ, identitet og kulturell erfaring*. Oslo, Høyskoleforlaget.

## Litteratur

Birkelund, Gunn (1987): "Familien i klassesamfunnet" i Colbjørnsen m.fl. (red.): *Klassesamfunnet på hell*. Oslo: Universitetsforlaget

Bjørkås, Svein (1998): "Invitasjon til puslespillforskning" i Mangset, Aslaksen og Arnestad (red.): *Studier i kulturliv og kulturpolitikk*. Oslo: Høyskoleforlaget.

Bourdieu, Pierre (1984): *Distinction*. London: Routledge

Bourdieu, Pierre (1994): "Students and the language of teaching" i Bourdieu, Passeron & Saint Martin: *Academic Discourse*. Cambridge: Polity Press.

Bourdieu, Pierre (1996): *The Rules of Art*. Cambridge: Polity Press.

Bourdieu, Pierre & Passeron, Jean-Claude (1979): *The Inheritors. French Students and their relation to Culture*. Chicago: University of Chicago Press.

Bourdieu, Pierre & Passeron, Jean-Claude (1990): *Reproduction in Education, Society and Culture*. London: Sage.

Frow, J. (1995): *Cultural Studies and Cultural Value*. Oxford, Clarendon Press.

Garborg, Arne (1996): *Bondestudentar*. Oslo: Gyldendal.

Gripsrud, Jostein & Hovden, Jan Fredrik (2000): "(Re)producing a cultural elite\* i Gripsrud (red.) *Sociology and Aesthetics*. Oslo: Høyskoleforlaget.

Hansen, Marianne Nordli (1999): "Utdanningspolitikk og ulikhet. Rekruttering til høyere utdanning 1985-1996". Tidsskrift for samfunnsforskning 2/1999.

Huch, Kurt Jürgen (1977): *Klassesamfunnet – den onde sirkel*. Oslo: Cappelen.

Lindbekk, Tore (1996): *Høgre utdanning og studentkarrierer etter 1980*. LOS-Notat 9624. Bergen: Los.

Rosenlund, Lennart (1998): "Sosiale strukturer og deres metamorfoser" i Sosiologisk tidsskrift 1-2/1998.

Rouanet, Henry & Le Roux, Brigitte (1993): *Analyses des Données Multidimensionales*. Paris: Dunond

Statistisk Sentralbyrå (1998): *Norsk kulturstatistikk 1998*.

Stortingsmelding 14 (1993-94): *Studiefinansiering og studentvelferd*. Oslo: KUF.

Weber, Max (1993): "Die 'Objektivität' sozialwissenschaftlicher und sozialpolitischer Erkenntnis" i Weber: *Gesammelte Aufsätze zur Wissenschaftslehre*. Tübingen: J.C.B Mohr

Øyen, Ørjar (1964): "Krake søker make. En Undersøkelse av Homogami med hensyn til Yrkesprestisje". Tidsskrift for samfunnsforskning 5/1964.

## Tabellvedlegg

**Tabell A1. Sosiale kjennemerke for nokre studentgrupper i Bergen. Kolonneprosent.**

	Universitetet i Bergen (UIB)										NHH		HIB			Totalt				
	Med		Psyk		Jus		SV		HF		MatNat		Alm. lær		Ing	Sjuk				
	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K		
<b>Kvinneandel ved fakultet / studium (%)</b>	<hr/>																			
	58		73		54		59		61		44		34		75		20	82	57	
<b>Fars yrke (ISCO-88)</b>	<hr/>																			
1. Adm. leiarar og politik.	33	25	18	24	22	20	17	24	24	20	13	21	35	28	8	22	9	25	21	22
2. Akademiske yrke	33	46	41	18	19	29	23	26	28	20	27	25	21	36	23	28	39	13	26	23
3. Yrke med kort. høg. utd	20	8	18	24	30	27	19	16	18	23	16	29	21	21	23	11	15	13	20	21
4. Kontor- og kundeservice			6		5	2		1	1		3	2	1			8	9	0	2	2
5. Sal-, service- og omsorg		4		2	3	4	4	6	6	10	8	0	2		8	3		0	4	4
6. Jordbruk, skogbruk, fiske		4			3	7	6	4	1	3	5	6	3	2	8		18	6	3	4
7. Handverkarar o.l	7	4	12	16	11	7	13	11	7	16	20	10	9	9	23	11	3	19	12	11
8. Prosess- og maskinoper.	7	4		4	5	2	2	6	7	6				1		8	3	3	6	4
9. Yrke utan krav til utd.		4			3		4		3		8	4	1			6	3	6	3	2
0. Militære yrke og uoppgj.			6	11		2	11	6	4	6	2	2	4	4	8	8	9	13	4	6
<b>Fars utdanningsnivå</b>	<hr/>																			
Ingen høgare utdanning	39	24	53	47	56	36	49	54	46	52	51	46	47	34	54	61	42	67	49	50
1-4 års høgare utdanning	28	28	12	28	21	43	30	21	32	26	25	30	24	32	31	18	39	17	26	27
Hovudfag / embetsstudium	33	44	29	23	23	20	17	23	20	21	25	24	29	34	15	21	19	17	24	22
<b>Fars inntekt</b>	<hr/>																			
<300 000	21	25	47	47	46	40	45	44	55	51	50	46	32	29	46	65	62	36	46	47
300-400 000	14	50	20	22	11	23	26	23	22	23	21	23	18	29	31	23	21	36	20	26
>400 000	64	25	33	31	43	38	29	33	22	26	29	31	50	41	23	12	17	29	34	27
<b>N</b>	<b>15</b>	<b>23</b>	<b>16</b>	<b>43</b>	<b>33</b>	<b>37</b>	<b>38</b>	<b>55</b>	<b>58</b>	<b>87</b>	<b>53</b>	<b>45</b>	<b>87</b>	<b>46</b>	<b>13</b>	<b>31</b>	<b>30</b>	<b>25</b>	<b>406</b>	<b>506</b>

Forkortingar: Med=medisin, Psyk=psykologi, SV = samfunnsfagleg fakultet, HF = humanistisk fakultet, MatNat = Matmatisk-Naturvitenskapleg fakultet, Ing. = ingeniør, Sjuk. = sjukepleie. M=Mannlege studentar, K=Kvinnlege studentar.